



Far og son Pehrsson trivs i Uskedalen

Førebels er ikkje innrykket av feriegjester som kjem sjøvegen særleg stort, men dei som kjem er gjerne Uskedal-entusiastar. Det gjeld til dømes i høgste grad Helge Pehrsson, frå Hordnes i Fana og til dagleg brannmann i Bergen. No er han på plass att i båthamna med strømlinja Fairline og har med seg faren Alexander, som nyleg runda 89! Helge seier rett ut, utan påverknad, at han vel Uskedalen som feriemål framfor Rosendal og Husnes.

- Og kva er grunnen til det?

- Framfor alt fordi det er langt roligere og ikkje så mykje ståk og styr her. Tilhøva er også betre med omsyn til ver og vind. I tillegg har Uskedalen kort på handa som til dømes ein framifrå butikk, Systrene Nilsen som er ope att og gode tilhøve for ein som likar å sykla. Eg har sykla både til Fjellandsbø og Rosendal.

Eg plar dra til Uskedalen 4-5 gonger i sommarsesongen og har vore her 2 gongar i påska, opplyser Helge som har selskap av fleire bergensarar i hamna.

Faren, som var trykkar i sitt yrkesaktive liv, kan nesten kjenne seg heime i Uskedalen. Mora Camilla Guddal var nemleg frå Seimsfoss.

- Og så hadde eg ein onkel her i området som var gardbrukar og drosjesjåfør, seier 89-åringen, utan at han kjem på namnet i farten.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen